



Eg er kjempefornøgd, dette er eit langt betre resultat for Høgre i Kvinnherad og Uskedalen enn eg venta.

Det seier partiets frontkvinne i kommunen og bygda

**når ho unner sg ein liten pause frå kassa på SPAR. Gunn Mari Moberg har vore leiar i kommunepartiet og er no formannskapsmedlem. Ho konstaterer at landstendensen har hatt gjennomslag også her og at Uskedalen-prosenten faktisk er 4 prosent betre enn kommuneprosenten.**

- Vi er størst i nesten alle bygder i Kvinnherad, slår Gunn Mari fast.

- Og kor er dei nye veljarane henta?

- Eg vil tru utifrå tala at dei i stor grad er henta i Framstegspartiet, som har mista bortimot 15 prosent. Arbeidarpartiet har ikkje mista mykje og i andre parti har det ikkje vore så mykje å henta.

Til dømes var det berre 10 som røysta på Venstre i den tidlegare Venstrebygda Uskedalen. Dei har hatt ein dramatisk svikt.

- Du har møtt den nye statsministeren, kva er inntrykket ditt av Erna Solberg som politiskar og menneske?

- Eg kjenner henne ikkje spesielt godt, men har møtt henne her i kommunen og i Høgremøter ymse stader. Eg har ikkje opplevd henne som nokon JERN-ERNA, men som inkluderande og jordnær. Som politiskar er ho utruleg dyktig og vi vil sikkert stå fram som ein god statsminister,

Men det er ingen grunn til å misunna henne, ho står overfor ein formidabel jobb.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen